



Hanna Tvilde er nyvald leiar i Ungdomsrådet ( Arkivfoto ).

**Hanna Tvilde ( 18 år ) frå Uskedalen er vald til leiar i det nye Ungdomsrådet. Hanna er elev på Kvinnherad Viadaregåande skule, 3 året på studiesepecialiserande. Me andre ord er ho russ til våren. Nikolai Vågen er også medlem i rådet saman med 6 andre ungdomar. Dermed er det to representantar frå Uskedalen i kommunen sitt ungdomsråd.**

Ungdomsrådet har ikkje vore aktiv dei siste åra. Det er difor gledeleg at rådet er vald og kome i arbeid. Ungdomsrådet har same funksjonen som Eldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Hanna Tvilde fortel i samtale med uskedalen.no at rådet alt har drøfta nokre aktuelle saker ein vil jobba meir med. Det er:

- Betre kollektiv tilbod - bussruter
- Betre tilbod på helsestasjonane for ungdom
- Fleire møteplassar for ungdomen.

Hanna Tvilde har dei siste åra hatt sommarjobb på Rabben Feriesenter. No i sommar var ho på Hydro Husnes. Saman med Camilla Myklebust Ripel er ho instruktør i Skulemusikken med ansvar for aspirantopplæring.

Hanna utmerka seg i ein skivekonkurranse i regi av Framtida.no. Med bakgrunn i tema psykisk helse vart ho ein av ti som fekk sin artikkel publisert. Ho vert også rekna som eit allsidig musikk- og idrettstalent.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Kristian Bringedal/ Nissestad - Grenda



Kvinnherad ungdomsråd med to medlemer frå Uskedalen. F.v: Annie Kloster, Oskar Kaldestad, Gunnar Hestad, Nikolai Vågen, Hanna Tvilde ( leiar ), Iris Matre og Alva Aspmo.